

Rehab/ombygg/tilbygg garasje Leknesvegen 225A

Ref: 17/3321-18/2810 Lindås kommune

Viser til mottatt skriv frå kommunen i denne saka, datert 30.01.2018, der de ber om kommentarer til merknad frå naboen Sveinung Bjørsvik.

Det vert stilt spørsmål ved at nabo ikkje har fått kopi av løyve som er gitt. Dette er vanleg praksis slik vi kjenner det. Løyvet vert sendt til tiltakshavar og ikkje til naboer. Det er sett krav om at løyvet skal være tilgjengelig på byggjeplass og det framgår at nabo har fått dette på forespørsel.

Plassering.

Det er påpeika at det ikkje er levert situasjonsplan i nabovarsel. Vi kan ikkje sjå at det er påkrevd med situasjonsplan då det går tydelig fram i dokument med overskrifta «Nabovarsel» at garasjen vert sett opp der den gamle var plassert og tilstøtande bygg er vist på signerte teikningar. Bygget er utført i tråd med signert nabovarsel datert 19.09.2017.

Avkjørsle

Søklar og tiltakshavar har ikkje søkt om endring av avkjørsle. Tiltakshavar har etter ynskje frå kommunen fjerna muren (ikkje *ei myr* som det står i løyvet) som delte avkjørsle og kommunen uttaler i løyvet at det no kun er ei avkjøring frå begge eigedomane. Etter vårt syn har avkjørsel ingen ting med godkjenning av garasje å gjere, då tilkomst mot fylkesvegen ikkje er endra. Det ville være merkelig om eigedomen skulle misse avkjørsel då det ikkje er endringar av bueningar eller anna som tilseier utvida bruk.

Korvidt tilkomst til naboeigedom i byggjesaka kan endrast, med vedtak i denne, må kommunen svare på.

Privatrettslege tilhøve

Useinja om grensa mellom eigedomane og avkjørsel må avklarast som ei uavhengig sak i høve til garasjen som er bygd på same stad som den gamle og der det ligg føre signert aksept frå nabo.

Vi har ein kopi av skyldskifte datert 15. mars 1952, lagt ved, og reknar for sikkert at Sverre Solberg frå kommunen også har sett dette. Korvidt oppmålinga som kommunen (Solberg) har gjort påverkar grensa i avkjørselen kan vi ikkje sei noko om. Dersom det er tvist om dette må det avklarast og einast om mellom naboane og uavhengig av garasjebygget.

Dersom kommunen stiller krav om felles avkjørsel må dette avklarast mellom kommunen og eigarane. Vi kan ikkje sjå at det har noko med godkjenning av garasjen å gjere.

Ing. Taule AS

Karl Atle Taule

196/56

936 2.v

Til innhefting i panteboki.

31 og F1

s2 av 2

Skyldskifte.

Laurdag den 15. mars 1952 heldt me underskrivne, som lensmannen
hev nemnt opp, skyldskifte på garden Tahselhaugen og Ullidgård
g.nr. 13 b.nr. 31 med skyld mark 0.02 i Kaure
herad. Skyldskifte er kravt av Fugolf Nyskrand
som hev grunnboksheimel til den egedomen skyldskiftet gjeld¹⁾.

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skjønsmannslovnad, så nær
~~som~~²⁾

Ved tenesta møtte³⁾ Eigaren Fugolf Nyskrand.
Ein partur det utvandrnde i
varsle andre.

Mennene valde til formann Birger Ulyst

Den fråskilde luten av garden hev desse

grensone :⁴⁾

Parcellen ligg i innmarka og
1. skiftelinia tek til ved vestsatt
vinkelmerkestien i sudvestre
hyrna av hovedbruket og går
i nordvestlig retning med
prestuegen på vestsatt og
parcellen på vestsatt sida
41.40 m. til vinkelmerkestien.

- 1) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av egedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).
- 2) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd for tenesta vert haldi, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtving.» den 19 N. N.»
- 3) Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje moter, må ein her opplysa om det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsle dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).
- 4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskiel, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitut i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den egedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).

gjennomsatt
et av luten sett med av Kopi